



Telefon : 56 35 60 68
Telefaks : 56 35 70 20
Adresse: 5994 VIKANES
Orgnr: 985 868 344 mva

DYRKOLBOTN FJELLSTOVE **Leirskole og gjestehus**

Jorunn og Jostein Dyrkolbotn

Dyrkolbotn, 21.04.2008

Viser til telefonsamtale med Jostein i dag.

Det har ikkje vore meininga å halde dykk for narr i saka om gnr. 247 bnr. 11, slik du sa.

Det skøytet som vart skrive for mange år sidan, fekk vi ikkje tinglyst avdi det nett hadde kome krav om at skøyter måtte skrivast på spesielt skjema, og dette vart skrive på berre blankt papir. Feilen var min, ettersom eg skreiv skøytet. Men eg var ikkje klar over skjema-kravet då.

Vi burde vel gått ned att og bedt om ny underskrift då vi vart klar over at vi ikkje fekk det tinglyst, men det vart så mange vanskelege ting å forhalda seg til då, at det vart ikkje gjort.

Tinglysings-reglane har seinare blitt oppmjuka att, slik at papir-skøytet truleg kunne vorte tinglyst no. Men no finn vi ikkje att papiret. Nokså flaut, men slik er det.

«Garden» ved Otto og Sjur har sagt seg einig i at bnr. 11 kan overførast til bruk for fjellstova. Vi tenkjer på å utvide og forbetre drifta. Både hestestall, eng/beite, personalbustad, utvida romkapasitet og nytt kloakkrenseanlegg og ein god del meir står på ynskjelista for komande ti-år. Vi har sett inn eit nytt rense-filter på kloakken, men nytt/nye anlegg nedanfor (på bnr. 11?) er ynskjeleg, og naudsynt ved ny aktivitet. Det er viktig for planlegginga å få avklara kva areal vi kan nytte, og få ting plassert på kartet. Det vert inga rask storutbygging. Men det vesle vi kan klare å gjere etterkvart, må gå inn i ein større plan slik at det vert fint til slutt. Vi kjem attende til fleire idear/planar seinare, sjå mellom anna vedlagt kopi av brev til Vegvesenet om kvileplass med meir.

Eg vågar då på nytt å be om medvirkning, og om Jorunn si underskrift til å få skøyte på bnr. 11. Eg trur det må gå an at eigaren av garden, Sjur, er den som står som overdragar, medan Jorunn underskriv som formell heimelshavar. Då unngår vi at det vert spørsmål om gevinstbeskatning for Jorunn. Dette også avdi det alt er skrive eit skøyte attende til garden tidlegare, då ved Otto. Dessutan sparar vi ein omgang med gebyr og dokumentavgift på denne måten.

Med von om lysare tider

Signhild Dyrkolbotn